



Sund kommune
Postboks 23
5371 SKOGSVÅG

Dato: 26.01.2018
Vår ref.: 2014/19439-118
Saksbehandlar: arnasan

Øygarden kommune
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Orientering om det framtidige tannhelsetilbodet på Sotra

Fylkestinget vedtok i mars 2016 klinikksstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. I vedtaket står det at «ny tannklinik på Straume blir etablert i 2021. Sund tannklinik og Ågotnes tannklinik blir lagt ned når ny tannklinik på Straume er klar til bruk».

Hordaland fylkeskommune har signert ein intensjonsavtale med Fjell kommune om leige av areal til ny tannklinik i det helsehuset som blir bygt på Straume. Fylkestannlegen vurderer dette som ei ideell plassering av ein offentleg tannklinik. Innflytting i den nye tannklinikken vil truleg skje rundt årsskiftet 2018/2019, og fylkestannlegen er glad for at ny tannklinik kan tas i bruk før det var planlagt.

Fylkestannlegen vil på bakgrunn av dette orientera om det framtidige tannhelsetilbodet på Sotra:

- Sund tannklinik har vore utan tannlege i lengre tid, og tilbod om tannhelsetenester har blitt gitt på nåverande Straume tannklinik. Sund tannklinik vil nå bli lagt ned. Tannhelsetilbodet på Straume tannklinik vil halda fram.
- Øygarden tannklinik blei lagt ned for mange år sidan. Øygarden kommune har sidan då fått sitt tannhelsetilbod på Ågotnes tannklinik, og vil fortsetta med det inntil ny tannklinik på Straume er klar. Då vil Ågotnes tannklinik bli lagt ned.

Arne Åsan
fylkestannlege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Fjell kommune
Overtannlege Mette Vallentinsen